



MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD

Møtedato: 20.04.2026**Møtestad:** Våganipen, 4.et., Bjørnafjorden
rådhus**Møtetid:** 09:06 - 12:56**Behandla saker:** 20-30/26

Møteleiar:	Parti:
Mathilde Eikeland Gjøn	FVGS

Møtedeltakarar:	Parti:
Adrian Karlsson-Urena	OUS
Benjamin Martin Aase	AND
Ella Christiansdotter Epland	FUS
Fredrik Strønen Sperrevik	OVGS
Hanna Viktoria Bjøntegaard	KMG
Magnus Haldorsen Bakke	NNUS
Mathilde Eikeland Gjøn	FVGS

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Annie Sofie Ask	OSG
Aurora Isabell Naustdal Sjøbø	AND

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Ingen vara	

Frå administrasjonen møtte:

Kultursjef Erik Vangsnes, SLT-koordinator Elin Tuft, kommunalsjef Line Rye, prosjektleiar Martha Gindl, rådgjevar Ingrid E. Tøsdal, einingsleiar Agnete Haugland, ingeniør Elisabeth Strøm-Olsen, rådgjevar Veronica Olsen.

Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
20/2026	26/3455 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
21/2026	26/3455 Nytt frå administrasjonen
22/2026	24/9101 Heilskapleg innsats- og bustadtrapp, oppdatering til politiske råd og utval
23/2026	26/3037 Tildelingskriteria og vedtakspraksis for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden
24/2026	26/2396 Rullering av handlingsplan 2026-2030
25/2026	26/990 Høyring: Politiske reglement 2027-2031 - uttale frå ungdomsrådet
26/2026	24/2636 1. gangs behandling av detaljregulering for Hafskor, 118/30 m.fl
27/2026	26/1616 Fordeling av kulturmidlar 2026
28/2026	23/7671 Årsrapport Bjørnafjorden ungdomsråd 2025
29/2026	26/3455 Referatsaker
30/2026	26/3455 Politisk kvarter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 06.03.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 20/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 09.06

Forfall:

Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, AND - Vara Lena Pietraszewska, OUS
Annie Sofie Ask, OSG - ingen vara kunne møte.

Lena Pietraszewska, OUS møtte ikkje.

Det er 7 stemmeføre i salen.

Nestleiar Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS leia møtet.

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 06.03.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 06.03.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista

21/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 21/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Behandling:

Kommunalsjef Line Rye orienterte og svarte på spørsmål om

- I neste møte kjem det fleire store saker som skal behandlast, mellom anna kvalitetsmeldinga for barnehage og skule.
- UNGjobb

SLT-koordinator Elin Tuft og kultursjef Erik Vangsnes orienterte og svarte på spørsmål om lokalt transporttilbod - søknadsfrist 20.04.26.

Ungdomsrådet kjem ikkje på arrangement som er planlagt nå, men ynskjer å vurdere dette fram mot neste søknadsfrist i 2027.

Kultursjef Erik Vangsnes orienterte og svarte på spørsmål om ung kultur møtes (UKM). Fylkesfestival i Førde 24-26.04.2026.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

22/2026 - HEILSKAPLEG INNSATS- OG BUSTADTRAPP, OPPDATERING TIL POLITISKE RÅD OG UTVAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Behandling og vedtak i sak 22/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Behandling:

Prosjektleiar Martha Gindl orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ. Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

Behandling og vedtak i sak 23/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Framlegg til vedtak frå Mathilde Eikeland Gjøn, Fusa VGS
Felles forslag til vedtak frå ungdomsrådet

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Behandling:

Rådgjever Anne-Lise Aaseng orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei mellombels heva kl. 10.08

Vedtak:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

24/2026 - RULLERING AV HANDLINGSPLAN 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet (PMB) vedtek å legge handlingsdel for trafikksikringsplanen 2026-2030 ut på offentlig høyring.

Sjølve plandokumentet for trafikksikringsplanen vert ikkje endra, men vidareført uendra for perioden 2026–2030.

Vedtaket vert gjort med heimel i plan- og bygningsloven § 5-2

Behandling og vedtak i sak 24/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Framlegg til vedtak frå Mathilde Eikeland Gjøn, Fusa VGS

Felles forslag til vedtak frå ungdomsrådet

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Behandling:

Møtet blei sett igjen kl. 10.26.

Einingsleiar Agnete Haugland og ingeniør Elisabeth Strøm-Olsen orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Handlingsdelen til den kommunale trafikksikringsplanen skal ut på rullering vår 2026, der rådet kan kome med innspel i høyringsperioden. Saka kjem opp på neste møte.

I tillegg blei det orientert og vist i kart om forbods- og saktesonar for sparkesyklar, der rådet kom med innspel til det vidare arbeidet.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

25/2026 - HØYRING: POLITISKE REGLEMENT 2027-2031 - UTTALE FRÅ UNGDOMSRÅDET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslaga til reglement for perioden 2027-2031 blir tekne til orientering.

Behandling og vedtak i sak 25/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Framlegg til vedtak frå Mathilde Eikeland Gjøn, Fusa VGS**Felles forslag til vedtak frå ungdomsrådet**

Ungdomsrådet foreslår å behalde ei ordning der kommunen kan halde fram med 2 faste representantar frå nye Os vidaregåande skule med vara slik at begge lokasjonar kan vere representert. Ein må tilsvarande redusere frå tre til to frie representantar og halda på ordninga slik den er i dag.

Tar ellers saka til orientering.

Behandling:

Rådgjevar Ingrid Tøsdal orienterte i saka og svarte på spørsmål.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ungdomsrådet foreslår å behalde ei ordning der kommunen kan halde fram med 2 faste representantar frå nye Os vidaregåande skule med vara slik at begge lokasjonar kan vere representert. Ein må tilsvarande redusere frå tre til to frie representantar og halda på ordninga slik den er i dag.

Tar ellers saka til orientering.

26/2026 - 1. GANGS BEHANDLING AV DETALJREGULERING FOR HAFSKOR, 118/30 M.FL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan-, bygg- og miljøutvalet gjer følgjande vedtak:

Framlegg til detaljreguleringsplan for Hafskor, 118/30 m.fl blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Det blir stilt vilkår om at VAO-rammeplan skal reviderast til 2. gangs behandling, at nye fritidsbustadar i planområdet blir reduserast frå inntil ti til inntil sju og at det blir utarbeidd ein massehandteringsplan for planforslaget dersom det skal gjerast ytterlegare inngrep i terrenget.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-11, jf. 12-10.

**Framlegg til vedtak frå Mathilde Eikeland Gjøn, Fusa VGS
Felles forslag til vedtak frå ungdomsrådet**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

Behandling:

Rådgjever Veronica Olsen orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Rådet kom med innspel på at det er viktig med nok grøntområde som saksbehandlar tar med seg i det vidare arbeidet i saka.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunaldirektøren sitt forslag til vedtak.

27/2026 - FORDELING AV KULTURMIDLAR 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune fordeler kulturmidlar til lag og organisasjonar på til saman kroner 605.000, slik for 2026:

Kategori: Idrett og friluftsliv

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
38	OS TAEKWON-DO KLUBB	Idrett	20000
7	OS SVØMMEKLUBB	Idrett	30000
8	FUSA KARATEKLUBB	Idrett	10000
15	FUSA HESTESPORTLAG	Idrett	5000
36	OS SEILFORENING	Idrett	5000
13	OS TURNFORENING	Idrett	70000
40	OS KOBUDOKAN KARATEKLUBB	Idrett	20000
33	OS BILJARD OG SNOOKERKLUBB	Idrett	10000
47	OS SPORTSSKYTTARLAG	Idrett	5000
48	OS SKYTTARLAG	Idrett	10000
19	OS SWINGKLUBB	Idrett	5000
37	OS AERO KLUBB	Idrett	10000
43	BJØRNEFJORDEN GOLFKLUBB	Idrett	20000
26	SØRE NESET IDRETTSLAG	Idrett	40000
22	OS ROKLUBB	Idrett	10000
41	ÅDLANDSFJORDEN IDRETTSLAG	Idrett	10000
45	STRANDVIK IDRETTSLAG	Idrett	10000
51	FUSA PETANQUEKLUBB	Idrett	10000
32	EIKELANDSFJORDEN IDRETTSLAG	Idrett	30000
39	NORE NESET IDRETTSLAG	Idrett	50000
46	LYSEKLOSTER IDRETTSLAG	Idrett	20000
44	IL ØYGLIMT	Idrett	20000
49	IL VENJAR	Idrett	5000
50	SØFTELAND TURN & IDRETTSLAG	Idrett	30000
SUM			455000

Kategori: Generelt

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
1	OS JUNIORBRIDGEKLUBB	Generell	10000
5	NFU BJØRNAFJORDEN LOKALLAG	Generell	5000
6	FOLKEAKADEMIET BJØRNAFJORDEN	Generell	10000
2	NESJAHEIMLAGET	Generell	5000
42	OS SOGELAG	Generell	5000
25	SØRE NESET UNGDOMSLAG	Generell	30000
3	NORE NESET SANITETSFORENING	Generell	5000
11	VENELAGET FOR KULTURBEDEHUSET FREDH	Generell	5000
17	HOLMEFJORD OG BOGØY SANITETSFOREN	Generell	5000
27	NVIO BJØRNAFJORDEN	Generell	5000
29	STRANDVIK FILMKLUBB	Generell	5000
34	FUSA BYGDALAG	Generell	5000
46	LYSEFJORDEN UNGDOMSLAG	Generell	10000
16	OS SOKN	Generell	0
SUM			105000

Kategori: Kunst

Arkivnr	Namn	Type	Tilskot 26
9	FUSA SENIORDANSLAG	Kunst	5000
10	LYSEKORET	Kunst	5000
24	OS SENIORDANS	Kunst	5000
20	EIKELANDSFJORDEN MUSIKKLAG	Kunst	5000
18	OS MUSIKKFORENING	Kunst	5000
35	EIKELANDSOSEN SKULEMUSIKKLAG	Kunst	5000
21	OS SKULEKORPS	Kunst	10000
23	SØRE NESET MUSIKKLAG	Kunst	5000
30	BERGEN DANSEKLUBB	Kunst	0
SUM			45000

Løyvinga på til saman kr 605.000,- vert gjort slik 45.000 kroner frå kt 1.4730.440.37700,455.000 kr frå kt 1.4730.440.23100 og 105.000 kroner frå kt.1.4730.440.38500.

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette svarbrevet er motteke.

Behandling og vedtak i sak 27/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Framlegg til vedtak frå Mathilde Eikeland Gjøn, Fusa VGS Felles forslag til vedtak frå ungdomsrådet

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Behandling:

Kultursjef Erik Vangsnes orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Ungdomsrådet meinte fordelinga såg bra ut.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei mellombels heva kl. 11.49

Vedtak:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden ungdomsråd godkjenner framlegg til Årsrapport for Bjørnafjorden ungdomsråd 2025. Rapporten vert sendt kommunestyret til orientering.

Behandling og vedtak i sak 28/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

**Framlegg til vedtak frå Mathilde Eikeland Gjøn, Fusa VGS
Felles forslag til vedtak frå ungdomsrådet**

Ungdomsrådet godkjenner årsrapport for Bjørnafjorden ungdomsråd 2025.

Behandling:

Møtet blei sett igjen kl. 12.05

Kultursjef Erik Vangsnes orienterte i saka.

Det var nokre skrivefeil som administrasjonen skal retta opp før årsrapport blir sendt til kommunestyret til orientering.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ungdomsrådet godkjenner årsrapport for Bjørnafjorden ungdomsråd 2025.

29/2026 - REFERATSAKER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet tar referatsaker til orientering.

Behandling og vedtak i sak 29/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Behandling:

Kultursjef Erik Vangsnes orienterte i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Rådet tar referatsaker til orientering.

30/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 30/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 20.04.2026

Behandling:

Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS orienterte frå samlinga Fylkesting for ungdom hadde i mars i år, der Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, AND og Annie Sofie Ask, OSG var deltakarar.

Vestland ungdomsutval ynskjer at alle ungdomsråd skal arbeide for:

- Bosspann og busstur på alle busstopp.
- Fleire bussavgangar for tryggare ferdsel.

Det kom innspel om at ungdomsrådet ynskjer å fremje at faget utdanningsval skal innehalde informasjon om kva konsekvensar ungdomskriminalitet og rulleblad har for framtida til den einskilde ungdom. Kan vi få informasjon og fokus på tema inn i årshjulet for faget? Ungdomsrådet vil skriva eit skriv som blir tatt vidare i dialog med politikontaktane og skulesjef.

Møtet blei heva kl. 12.56

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.